



# Referat frå møte i fylkesberedskapsrådet

Tid og stad: 19. oktober 2022 kl. 10.00-11.30, Teams

Fylkesberedskapssjef Haavard Stensvand ønskte velkomen og innleia om temaa for møtet.

## Tryggleikspolitisk situasjon i Noreg og Europa

### Orientering frå PST Vest v/Torgils Lutro

Det er ein betydeleg etterretningstrussel, som er skjerpa etter utbrotet av krigen i Ukraina. Det er ikkje indikasjonar på ein skjerpa sabotasjetrussel. Det er risiko for auka hybride trugslar, med det mål å skape usikkerheit og eventuelt redusert krisehandteringsevne. Det er nokre næringar som peikar seg ut, men det er òg viktig å tenke på kritiske samfunnsfunksjonar som t.d. ekom, straum og vatn. PST produserer og distribuerer graderte trusselvurderingar.

PST har eit godt samarbeid og fortløpande kontakt med politiet. Meldingar om observasjonar går i utgangspunktet til politiet, men det er òg mogleg å kontakte PST direkte. Det er lokalsamfunn, verksemdseigar m.v. som kjenner normaltstand, og difor veit kva som er avvik frå normalen.

Det er direkte kontakt med dei som har ansvar for kritisk infrastruktur. Lutro oppmoda alle om å sjå på eigne verdiar og sårbarheiter.

### Orientering frå HV-09 v/Christoffer Knutsen

Det er ingen indikasjonar på auka militær trussel eller aktivitetsnivå i våre nærområde. Ein del russiske landstyrkar er sendt vekk frå våre nærområde for å støtte i Ukraina, og m.a. erstatta med luftressursar. Øvings og treningsaktivitet i våre nærområde er som forventa og innanfor normalen.

Utviklinga i krigføringa går sakte i ukrainsk favør, og det kan forventast at det held fram slik så lenge vesten støtter Ukraina med materiell. Det er ein del spørsmål knytt til korleis vinter og kuldeperiode vil påverke krigen. Ukrainsk side ønskjer å halde oppe momentet. Ein vinterpause vil truleg vere ein fordel for Russland, fordi det vil gi tid til å bygge opp kapasiteten som følgje av mobiliseringa. Fortsett ukrainsk offensiv vil forverre situasjon på bakken for Russland. Det kan føre til at Russland tek i bruk andre verkemiddel andre stader, t.d. relatert til energisituasjonen i Europa.

Vinteren vil utfordre Putin-regimet. Han treng å legge trykk på Europa for å minske støtta til Ukraina. Han spelte kanskje «gass-kortet» litt for tidleg, sidan Europa har fått tid til å gjere tiltak for å verte meir uavhengig av russisk energi. Komande vinter er kanskje den siste der Russland kan bruke energi som pressmiddel mot Europa.

Vestleg støtte til Ukraina er viktig av fleire årsaker. Det er viktig for USA og ein del europeiske land å vise at ein ikkje kan utsetjast for press. Det same gjeld atomtrusselen. Russisk bruk av taktiske atomvåpen vil krevje resolutt svar frå Europa. Det må sjåast i samanheng med dei andre atommaktene i verda med konflikhtar (Nord-Korea, Iran, Pakistan m.fl.). Det er førebels vurdert som lite truleg at Russland vil bruke taktiske atomvåpen, sjølv om trusselen må tas på største alvor.



### Spørsmål og kommentarar:

Haavard Stensvand: Kan vi vente større alliert nærvær i våre område?

Svar frå Knutsen: Allierte fartøy patruljerer på norsk sokkel i dag, det er ein del av det normale biletet. I tillegg er det patruljering med norske fly (maritime patruljefly og jagarfly). Noreg har fått tilbod om støtte frå Tyskland, Frankrike og andre NATO-land. Overlet til politiet å kommentere trusselen på sokkel og landjord.

Kjetil Rekdal/Vest PD: Sørvest politidistrikt handterer oppfølginga av hendingar på den norske sokkelen. Oppdrag til HV om vakthald på landanlegga er forlenga ut oktober. Politiet vil ha auka merksemd på kraftleverandørar framover.

Rune Bratland/Bergen kommune: Har opplevd kommunemøta og særleg i går som svært nyttig med tanke på informasjonsbehovet som Bergen kommune har.

Til HV-09: I kva omfang kan arbeidsgjevarar forvente at tilsette vert kalla inn til HV for å drive objektsikring?

Svar frå Knutsen: Det er forholdsvis lite personellkrevjande oppdrag på Mongstad og Kollsnes. Prøver å få til god dialog med arbeidsgjevar dersom personell har særleg kritisk stilling. Personellbehovet er i tråd med vurderingane til politiet. Viss det er aktuelt kan det aukast opp.

## Fare for ei atomhending

### Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA) v/Monica Dobbertin

DSA følgjer situasjonen tett, særleg for atomkraftverket i Zaporijzja. Dei er særleg urolege for slitasje på personellet. Straumforsyninga til anlegget er ustabil og uro med tanke på kor lenge det er mogleg å reparere skadar på strauminfrastrukturen. Det er tilført meir utstyr og diesel til aggregat, men situasjonen er alvorleg. Både tilgang til straum og leveranse av ytterlegare diesel er sporadisk. Fleire i leiinga ved atomkraftverket har vore arrestert av russiske styrkar, direktør og visedirektør lauslatt.

Det internasjonale atomenergibyrådet (IAEA) har vore tydeleg på at dei ønskjer ein demilitarisert sone rundt Zaporijzja, men det er avvist frå russisk side. IAEA har representantar til stades på fast basis. DSA overvaker situasjonen og har tett kontakt med ukrainske styresmakter.

DSA jobbar med å oppdatere [eigne nettsider](#) med vekt på informasjon til innbyggjarar, og har publisert informasjonside retta mot [nordmenn i utlandet](#). Dei jobbar òg med å oppdatere [informasjon til kommunane](#). DSA får mange spørsmål. Dei ønskjer i utgangspunktet at spørsmål frå kommunane blir samordna via Statsforvaltaren, men prøver likevel å svare ut spørsmål som kjem direkte.

Atomberedskapsorganisasjonen møttest i Horten torsdag og fredag denne veka.

Utanriksdepartementet (UD) har jamn dialog med utanriksstasjonane. Det er framleis tilsette på ambassaden i Kyiv, med rotasjon av personell. UD har m.a. arrangert mønstringsøvingar, og DSA har bidrege med råd om tiltak. Ambassaden i Kyiv har fått eige måleutstyr for å kunne følgje med på strålingsnivå (bakgrunnsverdi). Det har vore møte med US Department of Energy og Verdsbanken om auka atomtryggleik i Ukraina.

I tilfelle bruk av taktiske atomvåpen, vil det vere høge stråledosar i ein radius på fem km frå detonasjonsstaden. Dersom detonasjon er høgare over bakken vil nedslagsfeltet vere større. Det



## Statsforvaltaren i Vestland

vil ikkje bli behov for tiltak i Noreg, men det vil kunne føre til t.d. sosial uro og gj politiske ringverknader.

DSA overvaker vêrtilhøva. Vindretning er for det meste mot Russland frå atomkraftanlegga. Det er lågt sannsyn for at eit eventuelt utslepp vil nå Noreg uansett. Det vil ikkje bli aktuelt med råd om jodtablettar eller innemelding i Noreg ved ei hending i Ukraina.

### Mattilsynet v/Lise Pettersson

Pettersson orienterte om aktuelle tiltak ved eit utslepp i Ukraina. I Noreg vil aktuelle tiltak vere avgrensa til næringsmiddel.

Mat i butikk følgjer normale kontrollrutinar og vil difor vere trygg. På grunn av fortykning i luft vil drikkevasskjelder vere lite utsett (kan likevel vere nødvendig med restriksjonar for susternevatn (bruk av oppsamlingstank). Det er viktig at beredskapsplanar for vassverk er oppdaterte og kjende.

For matplantar vil aktuelle tiltak vere å hausting før nedfall kjem, og ta inn eller dekke til hausta avlingar. Tilsvarande gjeld for dyrefôr. Tiltak for å redusere forureining på dyrka mark er m.a. gjødsling med kalium, kalk og jordbearbeiding.

Husdyr som storfe og sau bør inn, men det vil ikkje vere naudsynt med tiltak for innandørs fjørfe og svin. Det vil lite truleg vere behov for å redusere ventilasjon til husdyrrom og fôrlager. Etter eit nedfall vil tiltak vere knytt til måling av levande dyr i område med mykje nedfall. Andre tiltak kan vere nedforing før slakting, bruk av berlinerblått i fôr og saltslikkestein, endra slaktetidspunkt og vidareforedling av mjølk til mindre forureina produkt. Mykje av dei same tiltaka vil vere aktuelle for reindrifta.

Kosthaldsråd vil kunne bli aktuelt for ville artar frå land og ferskvatn, og eventuelt restriksjonar i jakt, fiske og sanking. Eventuelle tiltak òg for oppdrett i ferskvatn. For sjømat er det lite truleg at det vert forhøga verdjar.

Mattilsynet peika på at det ved ei eventuell hending med nedfall vil vere eit stort informasjonsbehov, og dei jobbar med tiltak. Dei samarbeider tett med DSA, dei andre KU-medlemene og rådgjevarar, departement, næringsorganisasjonar, forbrukarrådet m.fl.

Oppdaterte nettsider: [www.mattilsynet.no/mat/radioaktivitet](http://www.mattilsynet.no/mat/radioaktivitet)

### Statsforvaltaren v/Haavard Stensvand

Stensvand orienterte om tiltak Statsforvaltaren har sett i verk, m.a. deling av situasjonsrapportar frå DSA med fylkesberedskapsrådet og kommunane, atomberedskap som tema på fleire kommunemøte og eit eige temamøte tidlegare i år.

Neste veke arrangerer Statsforvaltaren fagdag for taktisk nivå i naudetatane, Forsvaret, Sivilforsvaret m.fl. Samordna plan for uhell i samband med anløp av reaktordrivne fartøy til Haakonsvern er revidert. Embetet har følgd opp råd frå Mattilsynet i høve råd om tiltak mot landbruksområdet og har m.a. publisert [denne artikkelen](#).

Stensvand oppmoda alle om å ha kontroll på eige planverk på området med tanke på rask iverksetjing i tilfelle ei hending, og at fylkesberedskapsrådet ved ei hending vil bli samla på kort varsel. Felles kommunikasjonsplattform må vere prioritert.



## Flyktningssituasjonen

### Orientering frå UDI v/Belen Birkenes

Birkenes orienterte om status for ankomst av flyktningar til Noreg, tal søknader om kollektiv beskyttelse frå ukrainske flyktningar og asylsøkarar frå andre land. Det er i overkant av 30 000 ukrainske flyktningar som har registrert søknad om kollektivt vern så langt i 2022.

Det har vore ein del spørsmål om asylsøkarar frå Russland (273 personar så langt i år). Det bur 131 russiske statsborgarar i mottak. Dei fleste kom i mars/april og i september/oktober. Det er lite trafikk over Storskog, UDI følgjer situasjonen tett saman med andre relevante etatar. Det er førebels for små tal til å seie noko om den eventuelle effekten av den russiske mobiliseringa i slutten av september.

UDI har eit planleggingstal på 40 000 ukrainske flyktningar til Noreg for 2022. Dei legg [tre ulike scenario](#) til grunn òg for 2023, med ein planleggingstal på 30 000.

Det kjem framleis eit betydeleg tal ukrainske flyktningar til landet, 1 000 i førre veke. Situasjonen er delvis uoversiktleg og talet kan endre seg raskt. Det har aldri budd fleire personar i mottak sidan starten av flyktningstraumen frå Ukraina.

Birkenes orienterte om kapasiteten i mottakssystemet. Talet akuttinnkvarteringsplassar er redusert sidan før sommaren, og vert erstatta med ordinære mottaksplassar. Det er tre akuttinnkvarteringar igjen i Vestland; to i Bergen og eit i Ullensvang. Magic hotel på Danmarks plass i Bergen har noko redusert kapasitet, fordi 20 av plassane er tilrettelagt for flyktningar med større oppfølgingsbehov enn det som kan ytast i eit vanleg mottak. Plassane er m.a. tiltenkt medisinsk evakuerte som får behandling på Haukeland. Stord ordinære asylmottak fekk nettopp ny/forlenga avtale. I alt 17 ordinære mottak vart oppretta i dei to første vekene i oktober, 11 av desse har vore akuttinnkvarteringar.

### Spørsmål

Haavard Stensvand: Talet på ankomstar så langt i år er det dobbelte tal av flyktningkrisa i 2015. Vi får relativt lite spørsmål frå kommunane, det ser ut som systema i det vesentlege fungerer?

Svar frå Birkenes: Det er veldig høg busetjingstakt, det tek i snitt fem til sju veker frå vedtak om kollektiv beskyttelse til busetjing i kommune. Kommunane jobbar godt med å busette raskt. Har sett at det har gått litt seinare i det siste, og det er ei utfordring er å finne bustadar. Kommunane melder om slitasje hjå tilsette, mange har òg jobba med handtering av pandemien. Den største bekymringa er knytt til 2023. Dersom vi får eit år til med historisk høge tal, må det tenkast nytt saman med kommunane.

Haavard Stensvand: dersom endra verkemiddelbruk i Ukraina (atomvåpen), vil det endre scenario? Kva behov vil ein få i mottakssystemet med omsyn til t.d. dekontaminering?

Svar frå Birkenes: det er eit utval på sentralt nivå som arbeider med prognoser som forsøker å ivareta dei fleste scenario. Kan kome tilbake med meir utfyllande svar. Det blir jobba tett med DSB og andre aktørar på sentralt nivå.



## Straumrasjonering

### Orientering frå KDS Sogn og Fjordane v/Atle Isaksen (påtroppande KDS)

Isaksen orienterte om situasjonen i kraftforsyninga og status for fyllingsgrad i magasinane i dei to regionane Vestland er del av. Statnett vurderer at forsyningssituasjonen i Sør-Noreg framleis er stram.

Ved fare for rasjonering vil den aukande tiltaksstigen vere: marknadskreftene får verke (pris), informasjonskampanje om straumsparing, utkopling av uprioritert forbruk primært for kundar som har avtale om det, vekeskvoter og overforbruksstraff (pris) og rullerande sonevis utkopling.

Statnett har [gitt tilrådingar av tiltak fram til våren 2023](#).

KDS Hordaland deler situasjonsforståinga Isaksen gav.

### Statsforvaltaren v/Haavard Stensvand

Statsforvaltaren har hatt tett dialog med KDS og KBO i begge delar av fylket sidan i sommar, då meldingane om mogleg kraftrasjonering kom. Vi har i moderne tid aldri vore i ein situasjon der vi må rasjonere på kraft. Det vil verte svært vanskeleg og difor har prosessane starta. Sjølv om vi dei siste vekene har sett auke i magasininfyllinga i Sør-Noreg, er det likevel viktig at vi held fram med å planlegge for ein eventuell rasjoneringssituasjon til våren.

Kommunane og aktuelle regionale aktørar skal melde tilbake til Statsforvaltaren om prioriterte brukarar. Vi sender samla oversikt til KDS i begge delar av fylket, som igjen formidlar vidare til nettselskapa. Det er nødvendig å ta felles grep, og vi ser m.a. at kommunane tenker ulikt om prioritering. Frist for førebels tilbakemelding er måndag 24. oktober.

Det dukkar stadig opp fleire problemstillingar knytt til spørsmål om straumrasjonering og prioriterte brukarar. Vegtunnelar er eit døme. Dersom dei mister straum vert dei i praksis stengt. Det kan gi konsekvensar for liv og helse. Dette kan vi ikkje løyse åleine i Vestland, men må vere del av ein nasjonal diskusjon. Vi må prøve å fange spørsmåla og ta dei opp med nasjonale styresmakter. Vi tek sikte på å få til ein diskusjon på møtet i rådet i november, m.a. om kva type problemstillingar vi ønskjer å løfte til nasjonale myndigheiter.

Sannsynet for straumrasjonering har blitt mindre dei siste vekene, men vi kan ikkje sjå vekk frå det. Arbeidet som blir gjort no med å få oversikt over kritiske brukarar er òg nyttig i andre samanhengar t.d. for Totalforsvaret.

## Avslutning

Vi ber om tilbakemeldingar dersom de ser behov for å samlast oftare, og særleg dei av dykk som ikkje er mottakar av gradert info dersom behov for informasjon og hyppigare møte.